



SPAR løpet 2018 vert skipa til på laurdag med start/mål på Sandakaien. Bilete er frå SPAR løpet i fjor.

For 5. gong skipar Uskedal Idrettslag til SPAR løpet på laurdag 26. mai kl. 13. Sponsor og samarbeidspart er SPAR kjeden. Dei fleste spring ei løypte i sentrum på 3080 meter. Det er variasjon i lengda på løpet utfrå klassen ein tilhøyrrer. I 2017 sprang Ronny Nordahl (TRIO) på tida 10 min 09 sek. Kari Bråtun (Uskedal IL) sprang i fjor på tida 12 min. 09 sek.

SPAR løpet er eit populært løp med om lag 200 deltakarar frå heile kommunen. Start og mål er på Sandakaien. Det er premie til alle. **All påmelding går til uskedalil.no.**

Sindre Omvik er den personen som har gjennomført SPAR løpet på raskaste tid, nemleg 9 min. 29 sek. Randi Knudsen (fødd nov. 1946) er den eldste deltakaren så langt på desse 5 åra.

Med den store suksessen løparane frå Uskedalen hadde i Åkraløpet, er forventningane store til kva som skjer i SPAR løpet på laurdag, Vi reknar med at både Kristian Øvstebø og Kari Bråtun er påmelde.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Knut Johannes Ripel - arkivfoto 2017



To lovande løparar frå Uskedalen er truleg alt påmelde til SPAR løpet på laurdag.